



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

EVINY FORNYBAR AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår dato: 21.03.2025

Vår ref.: 202418158-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Nedre Dukavatnet i Samnangervassdraget i Samnanger kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad av 22.10.2024 frå Eviny Fornybar AS om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for senking av vasstand i Nedre Dukavatnet.

Om søknaden

Nedre Dukavatnet ligg i Samnanger kommune og inngår i det regulerte Samnangervassdraget. Nedre Dukavatnet vert regulert av Eviny Fornybar AS i samsvar med «Manøvreringsreglement for regulering i Samnangervassdraget i Samnanger kommune og Kvam herad, Hordaland fylke» i Energidepartementet sitt vedtak av 27.06.2018. Magasinet vert regulert med 20,8 meter, med høgaste regulerte vasstand (HRV) på kote 799,2 og lågaste regulerte vasstand (LRV) på kote 778,4.

Eviny Fornybar AS søker om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for å senke Nedre Dukavatnet 2 meter under LRV i perioden 16.06.2025 - 30.09.2025, og 1 meter under LRV i same periode i 2026. I 2025 er det behov for å setje opp ein permanent fangdam med bjelkestengsel framfor tappetunnelen i magasinet. I 2026 er det planlagt rehabilitering av tappeluka i tappetunnelen. Bakgrunnen for at arbeidet må utførast i sommarsesongen er at tiltaket ligg i eit veglaust område høgt til fjells.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg klargjort gjennom dette.

Samnanger kommune kom ikkje med innspel i saka.

Statsforvaltaren i Vestland uttalar i e-post av 10.02.2025:

«Det er planlagt å senke vasstanden i Nedre Dukavatnet inntil to meter under LRV i perioden 16.6.2025 - 30.9.2025, og inntil ein meter under LRV i same periode i 2026. Nedtappinga vil truleg ikkje vil gjelde heile tidsrommet det er søkt om; det faktiske behovet vil truleg vere om lag seks veker.

Føremålet med nedtappinga er å kunne gjennomføre nødvendig rehabilitering. Tiltaket har stor samfunnsverdi, og det må akseptierast noko mellombels ulempe for allmenne interesser.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



Vi legg til grunn at naturmiljøet blir ivareteke så godt som råd. Ut over dette har vi ikkje merknader til nedtappinga under LRV.»

Vestland fylkeskommune uttaler i brev av 07.03.2025:

«Vestland fylkeskommune, vassforvaltning, viser til søknad om fråvik frå manøvreringsreglementet i samband med rehabilitering av tappeluka i Nedre Dukavatnet i Samnanger kommune. Vassforvaltningas innspel vil i hovudsak knytte seg til rehabiliteringsarbeidet. Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta.

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. For sterkt modifiserte vassførekomstar er miljømålet etter § 5 i vassforskrifta godt økologisk og potensial og god kjemisk tilstand.

Tilstanden for Nedre Dukavatnet er vurdert til å ha dårleg økologisk potensial, og detaljplanen bør innehalde ein tydeleg og konkret plan som vernar vassførekomsten mot vidare forringing og legg til rette for at tiltaket ikkje hindrar framtidig måloppnåing. Dette inkluderer spesifikke tiltak for handtering av sediment og betongavfall for å unngå spreining til vassdraget.

I detaljplanen vert det nemnt at "betongrestar og betongslam frå støyping skal handterast forsvarleg for å unngå spreining til vassdraget." NVE bør vurdere om denne formuleringa er tilstrekkeleg konkret til å sikre vassførekomsten mot auka påverknad, og om det kan vere føremålstenleg å innføre overvaking av vasskvaliteten i anleggsperioden.»

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet. Avviket kjem av behov for å skifte ut tappeluka som står inne i tappetunellen. For å tørleggje tappetunellen slik at arbeidet kan utførast, trengst det å etablere ein fangdam med bjelkestengsel framfor tappetunellen i magasinet. For å kunne utføre rehabiliteringa må LRV senkast til bergoverflata der fangdammen skal byggjast. Den nye fangdammen vil få etablert ein terskel som vil sikre LRV i magasinet ved seinare drift.

Eviny opplyser om at det er aure i Nedre Dukavatnet og at det vart gjort prøvefiske i 2001, 2013 og 2024. I undersøkingane frå 2001 og 2013 vart bestanden skildra som «under middels tett bestand», med rekruttering. I følgje søkjar er tidsperioden når det er søkt om tapping under LRV i ein periode der tiltaket ikkje vil ha påverknad på gyting, og då det ikkje er risiko for tørlegging av rogn. Søkjar opplyser om at fråviket kan påverke fisken sin tilgang til mat, men at sjølv om dei har søkt om fråvik heile vekstperioden vil ikkje vasstanden haldast så låg heile vekstsesongen. Etter NVE si vurdering vil ikkje ei kortvarig senking av Nedre Dukavatnet ha nemneverdige konsekvensar for fiskebestanden i magasinet som heilheit.

Eviny oppgir at det ikkje vil vere behov for å senke vasstanden heile perioden, og at det faktiske behovet er venta å vere ca. 6 veker. I 2026 er det i følgje søkar grunn til å tru at fangdammen er sett opp og at det ikkje skal vere behov for å senke vasstanden under LRV. Dei søker likevel om fråvik for denne perioden òg, for å sikre seg mot uventa hendingar og for å sikre framdrift. NVE kan stilla krav om at perioden for fråvik skal gjerast så kort som mogeleg.



To av høyringspartane uttalte seg om søknaden. Statsforvaltaren i Vestland legg til grunn at naturmiljøet blir vareteke så godt som råd, men har elles ingen merknader til nedtrapping under LRV. Vestland fylkeskommune påpeikar at tilstanden til Nedre Dukavatnet er vurdert til ha dårleg økologisk potensial. Fylkeskommunen meiner detaljplanen bør innehalde ein tydeleg og konkret plan som vernar vassførekomsten mot vidare forringing, og som legg til rette for at tiltaket ikkje hindrar at miljømåla på sikt blir nådd. NVE er samd med fylkeskommunen i at det er viktig å unngå auka påverknad på vassførekomsten og at tiltaket ikkje skal være til hinder for framtidig måloppnåing. NVE gjer samstundes merksam på at Statsforvaltaren er forureiningsstyresmakt og ved behov for ev. utseppsløyve må konsesjonær ta kontakt med dei.

NVE har gjort eigne søk i Naturbase og Artskart den 12.02.2025. Ingen raudlista artar som kan bli ramma av redusert vasstand er registrerte. Gitt varigheita og den planlagde gjennomføringa av tiltaket vurderer NVE at mellombels senking av Nedre Dukavatnet under LRV, ikkje utgjør nokon stor fare for viktige miljøinteresser. NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldslova som skal varetakast når vedtak vert treffe, jf. naturmangfaldslova §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og naudsynt for å kunne utføre utbetringar og vedlikehald på vassdragsanlegget. Gitt avbøtande tiltak kan ikkje NVE sjå at mellombels fråvik frå LRV i Nedre Dukavatnet er til skade for nokon kjende allmenne interesser. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldslova §§ 4 og 5.

Konklusjon

NVE gir løyve til at Eviny Fornybar AS kan fråvike manøvreringsreglementet for Nedre Dukavatnet i Samnangervassdraget ved å senke vasstanden med inntil 2 meter under LRV i perioden 16.06.2025 – 30.09.2025, og inntil 1 meter under LRV i perioden 16.06.2026 – 30.09.2026.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Alle vasstands-/vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk blir minimert eller blir unngått så langt det er mogleg.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfyljing til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Jf. punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Det blir bede vidare om at kommunen blir kontakta for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene deira.
- NVE føreset at Eviny Fornybar AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

**Om klage og klagerett**

Sjå eige vedlegg om klagetilgang.

Med helsing

Ylva Bencze Rørå
fagleiar

Kjersti Sternang Kvie
seniorrådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

EVINY FORNYBAR AS

Kopimottakarliste:

SAMNANGER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.